



Årsplan 2023/2024

Espira Salamonskogen

Innholdsliste

Vi er ein Espira-barnehage	3
Kva er ein årsplan	3
Barnehagen sine fagområder	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag	4
Barnehagen sitt formål og innhald	5
Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg.....	6
Barnehagen skal vareta barna sine behov for leik	6
Barnehagen skal ivareta barnas behov for lek.....	7
Barnehagen skal fremme læring	8
Barnehagen skal fremme læring	9
Barnehagen skal fremme danning	9
Barnehagen skal fremme danning	10
Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap	11
Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap	11
Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk	12
Barnehagen skal sørge for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø	14
Barn sin medverknad	15
Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad	16
Tilvenning av nye barn	17
Espiras standard for når barnet begynner i barnehagen.....	17
Samarbeid og samanheng med skulen	18
Skolespira-standardten	19
Espira sine satsingsområde	19
Lokale satsingar	20
Vurderingsarbeid	21
Kontaktinformasjon	22

Vi er ein Espira-barnehage

Espira består av om lag 100 barnehagar frå Lindesnes i sør til Levanger i nord. I Espira har vi eit mangfald av barnehagar med lokale tradisjonar og tett tilknytning til nærmiljøet. Vi har også noko som er felles for alle barnehagane. Vi har blant anna eit felles barnesyn, felles satsingsområde og felles metodikk for kvalitetsvurdering og utvikling av den pedagogiske praksisen.

Årsplanen er bygd på barnehagelova og rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver.

Les om Espira sin faglege profil her:

www.espira.no

<https://espira.no/barnehage/espira-salamonskogen/>

<https://www.barnehagefakta.no/barnehage/989540769/espira-salamonskogen-barnehage>

Kva er ein årsplan

I rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver står det at årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsette rammeplanen sitt formål og innhald, og barnehageeigaren sine lokale tilpassingar til pedagogisk praksis. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagen sine val og grunngevingar.

Basert på årsplanen utarbeidar barnehagen planar for korte og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper etter behov. Desse planane vert publisert på vår digitale kommunikasjonsplattform, Spireportalen.

Barnehagen sine fagområder

I rammeplanen er det definert sju fagområde som barn skal utvikle kunnskaper og ferdigheter innanfor gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Fagområda skal ein sjå i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. Fagområda tilsvare i stor grad dei faga barna seinare vil møte i skulen.

Arbeid etter fagområda vert synleggjort i barnehagen sine periodeplanar og vekeplanar, i Spireportalen.



Barnehagen sitt verdigrunnlag

I følgje rammeplanen skal barnehagen sitt verdigrunnlag formidlast, praktiserast og opplevast gjennomgåande i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Rammeplanen konkretiserer verdigrunnlaget ved å løfte nokre områder som skal prege barnehagen sitt arbeid gjennomgåande.

Desse er: demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.

Barnehagen sitt verdigrunnlag skal ligge til grunn for alt arbeid i barnehagen.

Barnehagen sitt formål og innhald

Ifølgje rammeplanen skal barnehagen sitt innhald vere variert og allsidig og tilpassast enkeltbarn og barnegruppa. Arbeid med omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap og kommunikasjons og språk skal sjåast i samanheng og bidra til allsidig utvikling. Rammeplanen har mål for personalet sitt arbeid innan desse fagområda. Vi arbeidar kvar dag mot desse måla.

I Espira arbeider vi systematisk med å heve kvaliteten på den pedagogiske praksisen. Vi har konkretisert rammeplanen sine mål om omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap, kommunikasjon og språk og eit trygt og godt psykososialt miljø til kjenneteikn på kvalitet på den pedagogiske praksisen. Desse vert synleggjort i årsplanen vår.

Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg

Kva	
I vår barnehage anerkjenner vi barna sine kjensler.	Det skal vere rom for barna sine ulike kjensler, og vi skal i like stor grad vere saman med barnet i deira sinte eller triste kjensler som dei "gode".
Vi legg til rette for at ein gir barna moglegheit for ro og kvile i løpet av barnehagedagen.	Når barn har behov for ro og kvile skal dei få moglegheit til å ta ein pause, la tankane flyte, kunne trekke seg tilbake og søke ro, kvile og avslapping gjennom barnehagedagen.
I vår barnehage er måltida prega av trivsel og god stemning.	Måltidet skal vere ein sosial arena som gir gode moglegheiter for å skape gruppetilhøyring og trivsel, og vi skal fungere som gode rollemodellar, samtalepartnarar og støttespelarar under måltidet.
I vår barnehage møter vi barna med positive haldningar.	Vi skal ha eit barnesyn der vi ser på alle barn som unike og likeverdige individ. Vi skal vere støttande, vennlege og varme.

Kvifor
Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å verte sette, forstått, respektert og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som gir grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal

arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine egne omsorgshandlingar.

Korleis

Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg

Personalet i barnehagen skal:

- ivareta barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og hvile
- legge til rette for at barna kan knytte seg til personalet og til hverandre
- sørge for at alle barn opplever trygghet, tilhørighet og trivsel i barnehagen
- møte alle barn med åpenhet, varme og interesse og vise omsorg for hvert enkelt barn
- være lydhør for barnas uttrykk og imøtekomme deres behov for omsorg med sensitivitet
- støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til selv å kunne ta imot omsorg
- bidra til at barna kan utvikle tillit til seg selv og andre

Slik arbeider vi for å ivareta barns behov for omsorg:

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Alle barn har ulike behov. Og det er viktig at me ser kvar og ein, er fleksible og møter kvart enkelt barn der dei er! Me jobbar for at barna skal oppleve å vera trygge i barnehagen. Dei skal møte anerkjennande, trygge, varme og grensesetjande vaksne. Den vaksne skal vera bevisst si rolle i relasjonen til barnet. Personalet har jamnlege observasjonar/diskusjonar av alle barn som gjer at me sikrar at barna blir sett og at det vert tilrettelagt innanfor det allmennpedagogiske tilbodet.

Omsorg er å leggje til rette for kviling etter barnet sitt behov og soverytme. Ut i frå FHI og Helsestasjonen sine anbefalingar om kviling og gode søvnrutinar, har me utarbeidd vår eigen rettleiar for søvn og søvnavanskar. Dette er eit eige punkt som blir tatt opp og snakka om på førstegongssamtale, og foreldresamtalar fram til barnet er ca. 3 år gammalt.

Me har fokus på den gode samtalen. Der er språkløyper – ein nettbasert kompetansepakke, med å bevisstgjera heile personalet på korleis ein kan stille gode spørsmål og deretter oppretthalde den gode samtalen over tid. Sjå www.språkløyper.no

Barnehagen skal vareta barna sine behov for leik

Kva	
Vi legg til rette for pedagogiske miljø som inspirerer til leik.	I vår barnehage skal det vere gode pedagogiske miljø som inspirerer til leik. Barna skal få mange leikeidear og lyst til å leike.

I vår barnehage observerer vi barna sin leik.	Vi skal vere "skrudd på" og "til stades" slik at vi kan gå inn og støtte barna ved behov. Vi skal ha auge for barna sin leik, relasjonar og det som skjer mellom barna.
I vår barnehage tilfører vi leiken begeistring og glede.	Vi skal legge til rette for spennande erfaringar og opplevingar. Vi skal glede oss saman med barna, bruke humor, varme og latter.
I vår barnehage får leiken god plass i dagsrytmen.	Korleis vi organiserer barnehagekvardagen påverkar for kva plass vi gir leiken.

Kvifor

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og ein skal anerkjenne leiken sin eigenverdi. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning, og engasjement gjennom leik – aleine og saman med andre.

Korleis

Barnehagen skal ivareta barnas behov for lek

Personalet i barnehagen skal:

- organisere rom, tid og lekemateriale for å inspirere til ulike typer lek
- bidra til at barna får felles erfaringer som grunnlag for lek og legge til rette for utvikling av leketemaer
- fremme et inkluderende miljø der alle barna kan delta i lek og erfare glede i lek
- observere, analysere, støtte, delta i og berike leken på barnas premisser
- veilede barna hvis leken medfører uheldige samspillmønstre
- være bevisst på og vurdere egen rolle og deltakelse i barnas lek
- ta initiativ til lek og aktivt bidra til at alle kommer inn i leken

Slik arbeider vi for å ivareta barnas behov for lek:

For oss er den kraftfulle og lærande leiken viktig!

Leiken er barna si viktigaste uttrykksform; den skal vera lystprega, gje glede, velvære og spenning. Leiken skal vera ei sentral side ved barna sitt sosiale liv. Gjennom leik med andre barn lærer barnet mykje om seg sjølv og andre. Leiken stimulerer og utfordrar alle sider ved barnet si utvikling.

I leiken ynskjer me mellom anna at barnet skal meistra å samarbeide; å leie, å lytte, å ta initiativ. Leiken utfordrar dei og til å vera kreativ, å vera inkluderande, fokusert og uthaldande. Nokre barn treng ekstra hjelp for å meistre leiken, då må me vaksne være til stades og støtte dei undervegs.

Leiken skal gje rom for ei god språkutvikling. Dei vaksne har ansvar for å gje barna gode meiningsfylte opplevingar og leggje til rette for progresjon i leiken. Alle barn må få gode leikevilkår. Det å få «koke» havregryn, ris og kakao i gamle panner ute eller få boltre seg med plaster og bandasje som «Bamsedoktoren» har med, gjer leiken ekstra næring og tilfører den noko nytt og spennande. Den gjer rom for mange, og er samlande for barna på tvers av alder.

Barnehagen skal fremme læring

Kva	
Vi legg til rette for eit pedagogisk miljø som inspirerer barna til nysgjerrigheit og utforsking.	Barna lærer mest og best når dei kan utforske og verte nysgjerrige. Dei pedagogiske miljøa skal utvide barna sine erfaringar og skape moglegheit for progresjon.
Vi fordeler merksemda godt blant barna.	Vi skal fordele merksemda godt blant barna og vere medvitne på at alle barn skal verte sett og høyrte som enkeltbarn og i heile gruppa.
Vi dokumenterer barna sin læringsprosess i det pedagogiske miljøet.	Dokumentasjon synleggjer barna sine aktivitetar, kva barna er opptekne av og kva tema vi jobbar med. Dokumentasjonen skal vere synleg for barna og for andre.
I vår barnehage utfordrar vi barna si tenking.	Å utfordre barna si tenking handlar både om å ta barna sine tankar og meiningar på alvor, samtidig utvide og ta dei vidare. Vi skal vise barna at vi er interessert i kva og korleis dei tenker.

Kvifor
I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiell og reiskap som bidreg til meiningsfull samhandling. Barna si nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggest til grunn for læringsprosessane deira. Barna skal få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektivet og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessen. Barnehagen skal bidra til eit læringsfellesskap der barna skal få bidra i eigen og andre sin læringsprosess.

Korleis

Barnehagen skal fremme læring

Personalet i barnehagen skal:

- sørge for et inkluderende fellesskap og legge til rette for at barn kan bidra i egen og andres læring
- legge til rette for helhetlige læringsprosesser som fremmer barnas trivsel og allsidige utvikling
- være oppmerksomme på barnas interesser og engasjement og legge til rette for læring i ulike situasjoner og aktiviteter
- støtte og berike barnas initiativ, undring, nysgjerrighet, kreativitet, læringslyst og tiltro til egne evner
- utvide barnas erfaringer og sørge for progresjon og utvikling i barnehagens innhold
- støtte barnas refleksjoner rundt situasjoner, temaer og fenomener og skape forståelse og mening sammen med dem
- sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevelser og erfaringer, utfordringer og mestringsopplevelser

Slik arbeider vi for å fremme læring:

Læring og utvikling skjer gjennom heile dagen i barnehagen. Me driv læring ved å gje barna ulike erfaringar som ein seinare kan bruke til refleksjon, undring og ved å ta alle sansane i bruk.

Uformell læring – her og no situasjonar, rutinar og leik. Dette er sentralt ved arbeidet i barnehagen. God omsorg og barnet si oppleving av det som skjer i den uformelle læringa er aller viktigast.

Formell læring – organiserte aktivitetar, samlingsstund, tema og prosjektarbeid.

Barnehagen skal fremme danning

Kva	
I vår barnehage møter vi barna med det dei er oppteken av.	Vi skal vere interessert i kva barna er opptekne av, og ta oss tid til å undersøke og fange interessene deira. Vi skal vere nysgjerrige på korleis verda ser ut frå deira ståstad, vere lydhøyre og vise barna at meiningane deira og opplevingane har tyding.
I vår barnehage støttar vi relasjonar mellom barn.	Vi skal vere til stades i leiken og samspelet, og skape eit barnehagemiljø der alle er med i eit inkluderande fellesskap.
I vår barnehage støttar vi barna i å utvikle eit positivt forhold til seg sjølv.	Barna skal oppleve å vere gode nok slik dei er, ha tru på egne evner og eigenskapar, og utvikle eit positivt forhold til seg sjølv.

<p>Vi legg til rette for at aktivitetar i barnehagen er meningsfulle for barna.</p>	<p>Vi skal finne ut kva barna er opptekne av og legge til rette for at barna opplever at aktivitetane er meningsfulle.</p>

Kvifor

Barnehagen skal støtte barna i å forhalde seg prøvande og nysgjerrig til omverda og bidra til å legge grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremme samhold og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast og følgast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme barna si tilhøyring til samfunnet, naturen og kultur.

I barnehagen skal barna få delta i slutningsprosessar og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen bidra til at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.

Korleis

Barnehagen skal fremme danning

Personalet i barnehagen skal:

- tilrettelegge for meningsfulle opplevingar og støtte barnas identitetsutvikling og positive selvforståelse
- støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- synleggjøre og verdsette ulike behov, meninger og perspektiver i fellesskapet
- legge merke til, anerkjenne og følge opp barnas perspektiver og handlingar
- utfordre barnas tenkning og invitere dem inn i utforskende samtalar
- synleggjøre og fremme mangfold og ulikhet som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring

Slik arbeider vi for å fremme danning:

Danning er ein kontinuerleg prosess som heng saman med og dannar grunnlag for omsorg, leik, læring og evne til å reflektera over eigne handlingar og veremåte.

I vår barnehage har me fokus på sosial kompetanse. Me skal støtta og rettleia barna både i handling og haldningar i forhold til både seg sjølv og andre. For personalet handlar dette om å vera til stades der barna er, slik at ein kan rettleia dei når det er aktuelt, vera i dialog, nysgjerrige og utforskande. Personalet skal gi barna omsorg og nærleik og respektera at barndommen har eigenverdi.

Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap

Kva	
I vår barnehage er det ei blanding av organisering i større og mindre grupper.	I mindre grupper leikar ofte barna godt og vi vert meir sensitive for barna sine behov.
Vi hjelper barn som har behov for støtte i leik.	Vi har ansvar for at alle barn er inkludert i leik og at ingen barn fell utanfor leikefellesskapet.
I vår barnehage snakkar vi med barna om vennskap og fellesskap.	Vi skal støtte barna i utviklinga av sosial kompetanse og saman med barna sette ord på både godt og vanskeleg samspel. Vi skal sørge for at negative samspelsmønster ikkje festar seg.
I vår barnehage inviterer leiker og materiell til felles leik og samspel.	Det skal vere nok leiker og materiell til at mange kan leike saman, utvalet skal vere variert og inspirere barna til å leike.

Kvifor
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som utviklast gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å ha verdi for fellesskapet og å vere i positivt samspel med barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barna sin sjølvkjensle skal støttast, samtidig som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ivareta eigne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.

Korleis
<p>Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap</p> <p>Personalet i barnehagen skal:</p> <ul style="list-style-type: none">• støtte barnas initiativ til samspill og bidra til at alle kan få leke med andre, oppleve vennskap og lære å beholde venner• samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap• støtte barna i å ta andres perspektiv, se en sak fra flere synsvinkler og reflektere over egne og andres følelser, opplevelser og meninger

- støtte barna i å sette egne grenser, respektere andres grenser og finne løsninger i konfliktsituasjoner
- forebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelser og uheldige samspillmønstre

Slik arbeider vi for å fremme vennskap og fellesskap:

Barnehagen har i samarbeid med foreldra ei viktig oppgåve i å hjelpe barna til å utvikle gode sosiale ferdigheitar. Me skal gjera barna rusta og gi dei verktøy til å veksa opp i det samfunnet dei lever i, og meistra å vera saman med andre på ein positiv måte.

Me skal hjelpe barna til å setje seg inn i egne og andre sine kjensler, og å utvikle empati. Det er viktig å fremja positive sosiale handlingar, ved at me skal hjelpe barna med å:

- **Inkludere** – eg vil vera saman med deg. Gje barna opplevinga av å vera ein viktig del av eit fellesskap.
- **Oppmuntre** – rosa kvarandre og heia fram gode handlingar.
- **Hjelpe** – læra barna glede ved å hjelpe andre. Dette er ein ressurs barna har i seg.
- **Vennskap** – er viktig, og ei av hovudoppgåvene for personalet er å bidra til at alle barn får oppleve å ha ein venn.
- **Kulturelt mangfald** - Ta vare på og utnytte alle dei gode ressursane i det kulturelle mangfaldet me har i barnehagen vår.

Me veit at det å jobbe med sosial kompetanse verkar førebyggjande på mobbing.

I Espira Salamonskogen skal me hjelpe kvar og ein til å bli den beste utgåva av seg sjølv.

Personalet i barnehagen skal vera anerkjennande, varme og tydelege vaksne som er tilstade, er merksame, bryr oss om, set grenser og viser empati.

Dersom barna opplever noko som er dumt eller vondt, skal me vaksne støtte dei og hjelpe dei gjennom livets opp – og nedturar, slik at barna kjem sterkare ut på den andre sida. Barna skal få øve seg på å handtere «livet». Gjennom samtale, aktivitet og relasjonar i kvardagssituasjonar kan dei vaksne hjelpe barna for resten av livet.

Dei vaksne skal vera gode rollemodellar for korleis me alle bør omgås kvarandre.

Verktøy me bruker er mellom anna ulike temabøker for barn og «**Inkluderande barnehage og skulemiljø**»

Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk

Kva	
Vi forsterkar vår kommunikasjon med kroppsspråk og konkretar etter behov.	Vi skal vere reflekterte og medvitne på kroppsspråk, kva ord og setningar vi bruker i samtalar med barna, og bruke konkretar etter behov.
Vi brukar språket aktivt som støtte i leik og aktivitetar.	Vi skal bruke språket aktivt og støtte barna si språkutvikling i alle leikar og aktivitetar i kvardagen.

I vår barnehage sørger vi for at alle barn får moglegheit til å delta i samtalar.	Vi skal medvitent invitere barna inn i samtalar sjølv om dei ikkje ber om å vere med sjølv.
I vår barnehage leiker vi med språk, for eksempel gjennom regler, rim, ordleik og fortellingar.	I eit godt språkmiljø inngår språkleik og vi skal vere språkleg medvitne når vi er saman med barna.

Kvifor

Barnehagen skal vere medviten på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barn si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna verte støtta i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barna sine ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

Korleis

Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk

Personalet i barnehagen skal:

- anerkjenne og respondere på barnas ulike verbale og non-verbale uttrykk og støtte deres språkutvikling
- stimulere barns verbale og non-verbale kommunikasjon og legge til rette for at alle barn involveres i samspill og i samtaler
- sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringer med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som redskap for tenkning og som uttrykk for egne tanker og følelser
- være bevisst på sine roller som språklige forbilder og være lydhøre i kommunikasjon med alle barn
- følge med på barnas kommunikasjon og språk og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvansker, som er lite språklig aktive, eller som har sen språkutvikling
- bidra til at språklig mangfold blir en berikelse for hele barnegruppen, støtte flerspråklige barn i å bruke sitt morsmål og samtidig aktivt fremme og utvikle barnas norsk-/samiskspråklige kompetanse

Slik arbeider vi for å fremme kommunikasjon og språk:

Barnehagen har eit stort fokus på språk i kvardagen. Hovudfokus er å lese med og for barna, den gode samtalen og ulike former for språkleik.

Me nyttar ulike språkverktøy – **Språkløyper** og **Troll i ord** – for å sikre ei systematisk opplæring, både for barn med norsk som morsmål, og for fleirspråklege barn.

Troll i ord – er eit nyttig verktøy for fleirspråklege barn. Ein stor del av dette opplegget er basert på konkrete hjelpemidlar og digitale verktøy. Her har me 33 språk tilgjengeleg. www.trolliord.no

Språkløyper – skal gi barnehagepersonalet meir kunnskap, verktøy og tryggleik i arbeidet rundt barna sitt språk. Dei skal til dømes kjenne til gode arbeidsformer for språkutvikling i kvardagen, og vera i stand til å kjenne igjen ulike språkvanskar. www.språkløyper.no

Barnehagen skal sørge for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Kva	
I vår barnehage skal alle barn ha det trygt og godt.	Vi skal førebygge tilfelle der barn ikkje har det trygt og godt ved å kontinuerleg arbeide for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna.
I vår barnehage følger vi med på korleis alle barn i barnehagen har det.	I tilfelle der vi får kjennskap til, eller mistanke om, at eit eller fleire barn ikkje har det trygt og godt, skal vi undersøke saka og finne eigna tiltak.
I vår barnehage skal barnehagedagen vere noko barna ser fram til.	Vi skal sørge for at det er ein kultur som verdset og anerkjenner mangfaldet i barnehagen. Alle barn skal oppleve å vere ein del av eit fellesskap der dei er viktige og verte møtt med respekt, medkjensle og tryggleik.

Kvifor
Eit trygt og godt barnehagemiljø inneberer at alle barn skal oppleve at dei er inkludert i barnehagegruppa, opplever å vere viktige for fellesskapet, og at det å gå i barnehagen er ei positiv oppleving som dei ser fram til.
I barnehagelova står det at alle barn har rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø. Om eit barn, foreldra eller barnehagen mistenker, eller har kjennskap til at eit eller fleire barn ikkje trivast i barnehagen, har barnehagen aktivitetsplikt. Det inneberer at barnehagen skal undersøke saka og lage ein plan med tiltak om saka krev det. Foreldre og barn skal verte involvert og medverke i prosessen.

Korleis

Barna i Espira Salamonskogen skal få ein fantastisk start på livet, og dette gjer vi gjennom forutsigbare rammer og trygge, omsorgsfulle vaksne.

Vi skal anerkjenne barnas følelsar, og sjå barna der dei er. Dei skal få støtte til sjølvutvikling, og det å finne sin plass i gruppa.

Kvardagen skal vere prega av tryggleik og trivsel, og personalet skal sikre at relasjonen til kvart enkelt barn er bra.

Barna skal få utfordringar dei meistrar, samtidig som dei får noko å strekke seg etter. Dette gjer vi ved å dele barna inn i aldersbestemte avdelingar, og mindre grupper internt på avdelinga. Vi vil då i større grad kunne spisse vårt pedagogisk tilbod inn mot kvart enkelt barn.

Dei tilsette skal ha ein autoritativ vaksenstil, det vil seie varm og grensesetjande. Barna vert trygge rundt omsorgsfulle, tydelege vaksne og dette er noko alle tilsette i Espira Salamonskogen skal arbeide for.

Vi skal ha fokus på eit godt psykososialt miljø, for store og små, og dei tilsette skal kontakte styrar dersom det er mistanke om at eit barn ikkje har eit godt og trygt psykososialt barnehagemiljø.

Eit godt samarbeid med foreldra er sjølvstøtt ein føresetnad for eit godt psykososialt barnehagemiljø.

Barn sin medverknad

Kva

Vi skal vareta barna sin rett til medverknad i barnehagekvardagen.

Kvifor

Barnehagen skal vareta barna sin rett til medverknad. Barna skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagen si verksemd. Alle barn skal få erfare å få innflyting på det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere medvitne på barna sine ulike uttrykksformer og legge til rette for medverknad på måtar som er tilpassa barnet sin alder, erfaringar, individuelle føresetnader og behov.

Korleis

Rammeplanen sier at barnehagen skal ivareta barnas rett til medverknad ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

Slik arbeider vi for å ivareta barns rett til medverknad:

Alle barn skal bli sett, høyr, forstått og lytta til. Barna sine synspunkt, og det barna spør om, skal personalet ta på alvor.

Kva gjev barnet mening? Barnet sin alder og modning er avgjerande for kva barnet treng. I vår barnehage er prosessen det viktigaste – ikkje målet i seg sjølv. Ved å oppmuntre barna sin naturlege nysgjerrigheit og indre motivasjon til utforsking og kreativitet, skal barna sine evner til å sjå moglegheit framfor avgrensingar takast vare på.

Dette krev at personalet har god kjennskap til og forståing for barn si utvikling og møter dei der dei er. Me lyttar til barna og tar med oss deira refleksjonar vidare i planlegginga. Ein gong i året gjennomfører me barnesamtaler med barna frå dei er 3 år gamle. Gjennom samtalaner får me tilbakemeldingar på kva dei likar å gjere og kva dei vil gjere meir av, og om det er noko dei saknar i barnehagen.

Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad

Kva

Vi skal vareta foreldra sin rett til medverknad og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldra. Vi skal legge til rette for eit godt foreldresamarbeid. Foreldresamarbeidet skal skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldreråd og samarbeidsutval.

Kvifor

Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må forhalda seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte.

Korleis

Slik arbeider vi for å fremje eit godt foreldresamarbeid mellom heimen og barnehagen:

Dagleg dialog med foreldra der ein ynskjer barnet velkommen, med namn, om morgonen og der ein støttar barnet i å fortelje om barnet sin dag når det vert henta.

Oppstartsamtale innan tre veker.

To foreldresamtalar pr. år (ein kan avtala fleire samtalar om ynskjeleg).
Individuell oppfølging av enkelt barn.

Foreldremøte → avdelingsvis og for heile barnehagen. Eige foreldremøte for skulespira – foreldre før oppstart på eigen skulespira - avdeling.

Brukarundersøking → ein pr. år der foreldra kan vera med å vurdera arbeidet i Espira Salamskogen.

Tilvenning av nye barn

Kva

Ei god og trygg tilvenning legg grunnlag for ei god barnehagetid. Espira har ein eigen standard for korleis vi skal arbeide med tilvenning av nye barn: [Småspirestandard](#)

Kvifor

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhørrelse og tryggleik til å leike, utforske og lære.

Korleis

Slik legg vi til rette for ei god tilvenningstid:

Espiras standard for når barnet begynner i barnehagen

Målsettingen med Småspirestandard er at alle barn som begynner i Espiras barnehager får en god start i barnehagen. Småspirestandard omfatter tre faser:

- Før barnet starter i barnehagen
- De første dagene i barnehagen
- Oppfølging av tilvenningsperioden etter 2-8 uker

Småspirestandard følges av maler for velkomstbrev til foreldre og skjema for oppstartsamtale og oppfølgingssamtale etter 2-8 uker.

Fase 1 - Før barnet begynner i barnehagen

- Foreldre skal få tilbudsbrev i mappe med brosjyremateriell.
- Når plassen er akseptert etableres kontakt med foreldrene.
- Velkomstbrev sendes til foreldrene i god tid før oppstart
- Alle barn skal få tilbud om å besøke barnehagen før oppstart.
- Det skal avholdes et felles foreldremøte eller en foreldresamtale før oppstart, for eksempel tidlig i juni

Fase 2 - De første dagene

- En avtalt kontaktperson tar imot barnet og foreldrene de første dagene, og sørger for at barnet gradvis blir kjent med flere barn og voksne.
- Foreldrene tilbys oppstartsamtale senest etter en uke, dersom denne ikke er avholdt før oppstart

- Lengde og tidspunkt for tilvenning skal avtales og justeres i dialog med foreldrene med bakgrunn i barnets behov. Foreldrene skal minimum være tilstede sammen med barnet i 3-5 dager.
- Foreldrene tar seg av de daglige rutine med sitt barn i starten (mat, bleieskift, påkledning osv.) Personalet nærmer seg gradvis.
- Personalet skal være sensitive mot barnets behov og gi barnet den støtten det trenger.
- Personalet skal være imøtekommende.
- Personalet skal sørge for en god struktur, organisering og forutsigbarhet gjennom fast dagsrytme og faste aktiviteter.
- Barnehagen legger til rette for at barnet blir kjent med mindre grupper av barn om gangen.

Fase 3 - Oppfølging av tilvenningsperioden

- Tilvenningsperioden vil i de fleste tilfeller regnes som avsluttet etter 2-8 uker.
- Personalet skal invitere til løpende dialog og tilbakemeldinger fra foreldrene underveis i tilvenningsperioden.
- Barnehagen skal gjennomføre en oppfølgingsamtale 2-8 uker med foreldrene etter barnets oppstart i barnehagen.

Samarbeid og sammenheng med skulen

Kva

Gode opplevingar med å vere eldst i barnehagen og møte med nye arbeidsmåtar og få erfaringar tilpassa det dei er opptekne av og interessert i. Barna skal verte kjent med skulen og kva som ventar dei. Mange kallar tilbodet til dei eldste for førskulegruppa, vi kallar det for Skolespira.

Kvifor

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning.

Dei eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å byrje på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon til å byrje på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og

møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få verte kjent med kva som skjer i skulen og fritidsordninga.

Korleis

Skolespira-standard

Gjennom meningsfulle prosjekter og aktiviteter skal skolespirene få et fantastisk siste år i barnehagen. De skal få de beste forutsetningene for livslang læring og oppleve sammenheng i overgangen mellom barnehage og skole.

Espiras barnesyn skal prege arbeidet i skolespira:

«Barn er fylt av fantastiske evner og egenskaper. De søker hele tiden å skape mening i samhandling med omverdenen. Barna i våre barnehager skal oppleve oss som deltakere i meningsskapingen i et trygt, omsorgsfullt og inspirerende miljø.»

Rammer for skolespira:

- minimum 6 timer til skolespireaktiviteter hver uke
- en pedagog har ansvar for organisering og gjennomføring i barnehagen
- deltagelse i skolespira-nettverk for ansvarlig pedagog
- minimum 3 ganger pr. år
- etablering av kontakt med skolen(e)

I Espira Salamonskogen har me ein eigen Skulespira-avdeling, der alle vert samla siste året i barnehagen. Dette siste året har me fleire aktivitetar som er unike for Skulespira; for eksempel årleg jakttur og vasstilvenning (både i sjø og basseng).

I tillegg arbeider me vidare med satsingsområda våre og sosial kompetanse.

Espira sine satsingsområde

Kva

Espira har tre satsingsområde: Språk, realfag og bevegelse. Desse områda er viktige for barna si heilskaplege utvikling og livslang læring. I Espira skal alle barn møte desse satsingsområda på varierte og spennande måtar.

Kvifor

Språk, realfag og bevegelse, i kombinasjon med eit sunt kosthald dekkjer grunnleggande område som er viktig for barna si utvikling her og nå, og i framtida. Kombinasjonen er viktig fordi kropp og hjerne heng saman og påverkar kvarandre gjensidig. Fysisk aktivitet påverkar barna sin trivsel og utvikling positivt. Realfagleg utforskning fremmer nysgjerrigheit og vitebegjær. Realfaglege samtalar gir viktige språklege erfaringar, og språklege ferdigheiter er igjen avgjerande for lek og læring. Samla gir våre satsingsområde barna verktøy til å forstå seg sjølv og verda, kommunisere og delta – og til å gi kropp og hjerne det dei treng for å spele på lag i lek og læring.

Korleis

Slik jobbar vi med språk, realfag og bevegelse:

- **Språkmiljø:**

Språk er noko av det viktigaste me kan læra barna! I det daglege arbeidet i barnehagen jobbar me mykje for å utvikla gode samtalar både i her og no, og der og da situasjonar, og i meir tilrettelagde situasjonar. Alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og heilskapleg utvikling.

I vår barnehage les me mykje og variert for barna, og har ekstra fokus og ynskje om å lesa mest mogleg bøker på nynorsk. Bøker har eit rikare og meir variert skriftspråk enn kvardagsspråket. Me ser at barn ofte tar med seg felles opplevingar frå bøkene inn i leiken.

Me har språkgrupper og driv systematisk språkopplæring gjennom språkløyper og språkverktøyet Troll i ord.

- **Realfag:**

Barnehagen vår er godt utrusta med forskerrom med topp utsyr frå Forskerfabrikken. Aktivitetane gir erfaringar med materiale, gjenstandar og samanhengar både ute og inne. Me brukar forskerfabrikken til eksperimentering, diskusjon og undring. Naturen like utanfor barnehagen gir oss umiddelbar tilgang på eit variert og spanande plante - og dyreliv. Me kan sjå hare, ekorn, ulike fuglar og spor etter hjort rett ved barnehagen. Matematikken er overalt og me arbeider kreativt gjennom leik og på barna sine premisser.

- **Rørslemiljø både ute og inne:**

For barn er ein godt utvikla motorikk ein føresetnad for å meistra sosiale, psykiske og praktiske utfordringar. Me jobbar for at barna skal inkluderast i ulike aktivitetar der dei kan få være i bevegelse, leik og sosial samhandling med andre barn, samstundes som dei skal oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. I Espira Salamonskogen legg me til rette for allsidige rørsleerfaringar, både inne og ute. Me har eit variert uteområde og bruker nærområdet vårt aktivt gjennom heile året.

- **Moster 2024:**

Moster 2024 markerer at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Dette blei starten på rettsstaten og demokratiet i Noreg.

Vår barnehage har inngått eit samarbeid med Moster 2024 AS, der me er med i prosjektgruppa for korleis ein best kan inkludere barn og unge i prosjektet. Det er eit 1000 - årsjubilé for heile landet, og som har eit ekstra fokus på barn og unge. Jubilèet skal og setje fokus på kva Noreg skal være i framtida. Tema for 2020/2021 er "Eg og alle". Les meir på moster2024.no

Lokale satsingar

Kva

Moster 2024

Lærerutdanningsbarnehage

Kvifor

Moster 2024 markerer at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Dette blei starten på rettsstaten og demokratiet i Noreg.

Vår barnehage har inngått eit samarbeid med Moster 2024 AS, der me er med i prosjektgruppa for korleis ein best kan inkludere barn og unge i prosjektet. Det er eit 1000 - årsjubilé for heile landet, og som har eit ekstra fokus på barn og unge.

Jubilèet skal og setje fokus på kva Noreg skal være i framtida. Tema for 2020/2021 er "Eg og alle". Les meir på moster2024.no

Espira Salamonskogen er ein av 4 Lærerutdanningsbarnehagar, i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Dette er eit partnerskap der me tek i mot ekstra mange studentar og får i større grad bidra inn mot utdanninga av nye barnehagelærarar. Me har gjennom dei siste 3 åra samarbeid med HVL om fleire ulike prosjekt og pilotering av ulike verktøy.

Korleis

Me har for tida 4 FoU-arbeid gåande på småbarnsavdelingane våre. Her er fokuset på barns medverknad, språk og pedagogiske miljø.

Avdelingane har arbeidd saman med forskarar frå HVL mot ulike mål for kvar avdeling. Kvar avdeling fylgjer sin eigen plan for arbeidet. Dette gir auka kompetanse på dei ulike felte og er til stor nytte for oss som barnehage.

Våren 2023 tok dei fleste pedagogane eksamen i veiledning, og me er no så heldige at nesten samtlige har veilederkompetanse. Dette er viktig, både for arbeidet internt i barnehagen, men også sjølvstøtt i møte me studentane som kjem til oss kvart år. Veiledningskompetanse er verdifullt i møte med alle barn og foreldre.

Me har og pilotert MOSO, eit elektronisk samhandlingsverktøy for å letta kommunikasjonen mellom praksislærar og student.

Me vil søkje om å forlenge LU-prosjektet til nyttår 2024.

Vurderingsarbeid

Kva

Vi skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og tolkast ut frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet handlar om at vi jobbar saman om å forbetre praksisen i barnehagen.

Espira har utvikla sin eigen systematiske vurderingsmetodikk, Espira BLIKK. Vi vurderer årleg kjenneteikna på kvalitet som er skildra under kapittelet "Barnehagen sitt formål og innhald". Anna kvart år kjem pedagogar frå ein annan Espira barnehage og observerer og vurderer den pedagogiske praksisen etter dei same kjenneteikna. Vi følgjer opp vurderingane med mål og tiltak for korleis vi skal utvikle kvaliteten på den pedagogiske praksisen vidare.

Kvifor

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet bygg på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjon over det pedagogiske arbeidet gir personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.

Korleis

- Espira BLIKK
- Foreldreundersøking
- Leiarmøter og personalmøter

Kontaktinformasjon

Styrar	Heine Larsen
E-post	heine.larsen@espira.no
Telefon	41352078
Adresse	Leirdalen 50, 5430 Bremnes